

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: V.Slidre.

Emne: S K A V .

Bygdelag: Øyebygde i Røn.

Oppskr. av: G.Kirkevoll,
Jomfrubraatvn.25,
(adresse): Bekkelagshøgda.

Gard: Kirkevoll.

G.nr66 og 67 Pr.nr. 2 og 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. - Gartner 56 aar gamal.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det som vart brukt utanum høyet vart helst kalla for "raskefóring"
2. Noko samnamn paa skav og beit har eg ikkje høyrte som eg er heilt sikker paa.Men eg trur eg høyrde namnet "skogs-fóring".
3. Skava - skjev - skov - vil skava - har skave .
4. Skav har vore nytta ein del for 40-50 aar sidan,men ikkje mykje.Eg trur ikkje det til vanleg gjorde so mykje ~~sonxifó~~ som fó,men det var ei vanleg meining at krøtere hadde godt av borken.Og so vart det so god,fin ved etter skavingen.For dei som hadde lite krøter kunne nok skavet ogso bli ei merksam hjelp i fóringa.- Geit og sau fekk gnaga av barken sjølv naar ein t.d.tok av nevveren paa Bjørkestrangane,som vart dragne inn i sau og geithuset og lagt opp i smaa trekluffer som var slegne ned i tallen. Det var for att det ikkje skulde koma gjødsel paa borken.
5. Bjørk er det lauvtre det var mest av.Difor vart bjørkeskav mest nytta.Men det vart ogso brukt raun og osp.Geitane likte godt aa gnaga ospebork eller ein hadde strimla av den grove berken utanpaa.
6. Kjenner ikkje ordet skav (skjevla) nytta om eit sers treslag.
7. Eg har høyrte eller sett dette rimet,men trur ikkje

2. det kan vera fraa Valdres. Der veks nesten ikkje alm.
8. Heile buskapen hadde godt av skav. Huksar eg ikkje heilt feil, so meina eg dei sa at hestane ogso skulde ha godt av skav. - Skavet vart gjeve for seg i byttor.
9. Eg kan ikkje hukse om det vart meir mjølk av skav. So mykje vart ikkje brukt.
10. Det vart ikkje til vanleg drage til skogs eins erend for aa hente ved til skaving. Det vart take av den veden ein tok til huset. Bjernestrangar som var skavne eller gnagne av smaakrøter vart mykje brukt til rjaastaur.
12. Veit ikkje om ved som var ^{skaven} ~~skaven~~ hadde sers namn. Slik turr bjerneved vart kalla hardtre. Men det namnet kom vel ikkje av at det var skaven.
13. Kjenner ikkje gjerningsordet marka. I Hemsedal, Hallingdal har me gardsnamnet Markagard. Det skal tyde gard som ligg utanfor sjølve bygdi. Kjem av mork, skog, udyrka mark.
14. Det var vanleg aasbjørk som vart kjørt heim vanleg tid som vart brukt til skavved. Eller ogso ospeved som vart henta sist paa vinteren. Den skulde det bli bakstevet av. Og det kunne vera slitsamt nok aa faa tak i den naar det var høg snø.
- Langfredag har eg ikkje høyrte um skaving eller hentning av skavved. Men det kan ha vorte burtgløymt.
15. Skavinga var um vinteren. Bjernestrangane var tæla og maatte dragast inn i stova so dei tina. Fyrst maatte nevvare av, si- maatte dei skavast. - Det var god nevver til aa gjera upp i.
16. Daa skavinga ikkje vart so mykje brukt so vart berre tollekniv nytta ved det arbeidet.
17. Kjenner ikkje til at det var brukt hjelperaadere med skavingi. Dette gjeld ogso sp. 18.
19. Strangane ein skov tok ein gjerne opp fraa eine enden og spikka burtover med kniven medan ein held i strangen med vinstre handi. Strangen kunne ogso leggjast upp paa ein stol med eine enden eller ogso opp paa tvo stolar.

3. 20 .Ikkje noko serleg namn paa den veden.Eg trur ikkje det var so mykje brukt at veden hadde faatt namn.
21. Borken vart kalla skav.Det vart lange rimsor av bjørke-
borken.So det maatte bli skavrimsor.
22. Børkestrangane ein skov kunne vera fraa 1.m til 3-4
eller meir.I tverrmaal 5 til 15 cm. Ospe kunne vera grov,
men daa var yttre borken grov.Den kunne ein telje av med
øks og skava denn innerste hiddna. Det beste skavet vart
av aasbjørk - over 1000 m.o.h.
23. Ei bjørkestong paa umlag 5-10 cm.i tverrmaal kalla me
bjørkestrange. Strange, strangin stranga, strangadn. Ein
kar som var grann og lang vart ogso kalla ein strange ofte.
Eit grovare vyrkji 10 cm.og oppover vart kalla ein
kubbe.
34. Skavet vart tunnar og tjukkar etter so grovt vyrket
var.Og borken vart strimla av like inntil veden.Men heller
ikkje meir. Var bjørkestrangen slik at den skulde brukast
t.d. til eit skaakemne eller anna maatte ikkje sevjelaget
skavast av.Sevjelaget hadde ein serleg styrke.
25. Avskaven ospeved vart mest til bakstevod ved flatt-
brødbaking. Børkestrangane vart det sers god brenneved av.
26. Skav er sikkert slutt med for mange aar sidan. Endaa
kan det hende at ein og annan som har geiter flekker
bjørkestrangar so dei faar gnaga lite.Men det er vel heslt
for moroskuld. Skavinga ~~er~~ var vel slutt for 20-30 aar sidan.